



Saksframlegg

Strategi for bruk av nærings- og miljømidlar i landbruket

Utval	Utvalssak	Møtedato
Hovudutvalet for plan og miljø		11.03.2025

Endeleg vedtaksrett i saka har: Utval for plan og miljø

Dokument i saka:

Strategi for bruk av nærings- og miljømidlar i landbruket
Tildelingsbrevet frå Statsforvaltaren for 2025

Vedlegg

- 1 Framlegg til strategi landbruk 2025-2028
- 2 Tildeling kommunene - Landbruks- og matdepartementet (LMD) - tilskuddsordninger i landbruket 2025

Bakgrunn for saka:

Ansvar for forvaltning av tilskot til nærings- og miljømidlar i landbruket er lagt til kommunen. Dette omfattar «Særskilde miljøtiltak i jordbruket» (SMIL) og «Nærings- og miljøtiltak i skogbruket» (NMSK). Tilskot som løyvast i trå med SMIL-forskrifta er løyvd over jordbruksavtala, medan tilskot som løyvast i trå med NMSK-forskrifta er løyvd over statsbudsjettet.

Kommunen tildeler kvart år betydelege beløp til jord- og skogbruksnæringa gjennom desse ordningane. Landbruksdirektoratet har gjeve føringar om at det skal utarbeidast ein lokal tiltaksstrategi, som skal ligge til grunn for tildeling av tilskot. Strategien kan vere fleirårig, samstundes som der skal vere rom for justeringar undervegs, om behovet tilseier det.

Strategien skal utarbeidast i dialog med Statsforvaltaren, kommunen, og næringsorganisasjonane knytt til landbruket i kommunen. Det er også anbefalt, men ikkje eit krav, at strategien vert handsama og forankra politisk i kommunen.

Kommunen får kvart år eit tildelingsbrev frå Statsforvaltaren, som inneheld rammer for tilskot kommunen har til disposisjon det enkelte år. «Potten» varierer frå år til år, og det er difor ei opning for at strategien kan reviderast, om endringane går ut over rammene i strategien. Ein har vald å lage ein femårig strategi, der hovudtrekka er satt, men rammene er «lause», og kan tilpassast beløpet kommunen får frå Staten det enkelte år.

Strategien er lagt fram for Fyresdal Bondelag, Fyresdal Skogeigarlag og Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Strategi for areal, klima og miljø – Fyresdal kommune skal forvalte og nytte areal og utmarksressursane på ein berekraftig måte.

Hovudformålet med strategien er å stimulera til ei berekraftig auke i verdiskapinga i landbruket. Gjennom tilskotsordningar og samarbeid med lokale interesseorganisasjonar i landbruket vil kommunen vere med å utvikle næringane ytterlegare i tråd med overordna og regionale føringar for landbrukspolitikken.

Auka skogproduksjon og oppbygging av kvalitetsskog for størst mogleg klimanytte og verdiskaping er sentrale, regionale, og nasjonale målsettingar for skogbruket. God tilgang på klimanøytrale byggemateriale, andre trebaserte produkt, og råstoff til energiføremål frå skogen er sentralt i det grønne skiftet, der næringsverksemd i større grad enn før må baserast på fornybart og klimavenleg råstoff. For skogbruket føreset dette at ein tek vare på, og vidareutviklar råstoffbasen og driv ei berekraftig hausting av skogressursane. Det betyr i praksis å sikre tilsvarende produksjon og kvalitet på framtidsskogen etter hogst (oppfølging av foryngingsplikta), og unngå avskoging.

Tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL) skal motivere aktive bønder til frivillig innsats for å ta vare på kulturlandskapet og biologisk mangfald, samt hindre ureining. For å betre jordstruktur og produksjon, gis det også tilskot til drenering av landbruksjord.

Dei overordna måla i strategien er i tråd med FNs klimapanel sine tilrådingar, og strategien står såleis opp under desse sentrale og viktige målsettingane.

I forslag til strategi er det sett opp fyljande målsettingar for landbruket i Fyresdal;

- Halde jordbruksareala i hevd, bl.a. ved aktiv agronomi og hindre attgroing av jordbruksareal
- Take vare på kultur- og miljøverdiar på innmark og i utmark
- Oppretthalde skogproduksjonen minst på dagens nivå, gjennom å sikre høg virkeskvalitet i framtidsskogen
- Oppretthalde det biologiske mangfaldet i skog-, jord- og kulturlandskap

For å nå målsettingane i strategien, er statlege insitament eit godt verktøy. Rammene for tilskotsordningane er forholdsvis regelstyrte, men kommunen kan velje å prioritere innanfor rammene; kva for type tiltak som skal tildelast midlar, og kva for nivå tilskotet skal utgjere.

Skogbruk

For skogbruket er det forynging (sørge for at ny skog kjem opp, gjennom planting eller sjølvsåing) og stell av ungsog som er den største utfordringa å få skogeigaren til å utføre, saman med opprusting av vegnettet. Det er gjennom skoglova plikt til å forynge skogen etter hogst, difor fjerna staten kommunanes moglegheit til å gje tilskot til planting; ein skulle ikkje gje tilskot til noko som likevel var lovpålagt å gjennomføre.

For å oppfylle plikta til å få opp ny skog, kan ein markberede, dvs. at ein brukar gravemaskin eller større aggregat til å fjerne humus, slik at frøa frå trea som står igjen, lettare finn vegen til næringsrik jord, og med det sikrar overleving. Markberedning, uavhengig av utstyr, er det gitt rom for å prioritere med tilskot.

Stell av ungsog er svært viktig for at framtidsskogen skal bli verdifull. Staten har difor gitt rom for at kommunen skal kunne gje tilskot til ungsogpleie, dvs. kvalitetsfremjande tiltak i skog som på dette tidspunktet ikkje gir avkastning.

Opprusting og nybygging av skogsbilveg er kostbart, og eit statleg tilskot er ofte utløysande for at prosjektet skal kome i gang. Denne type tilskot er styrt av «Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier», samt «Retningslinjer for søknadar om tilskot til bygging og ombygging av skogsvegar i Nissedal, Kviteseid, Tokke, Vinje og Fyresdal kommunar». Solide, framtidsretta vegar skal prioriterast, og gode prosjekt kan lønnast med ein høgare tilskotsprosent.

Tilskot til «miljøtiltak i skog» går særleg ut på å gje tilskot til dei som vel å avstå frå hogst i biologisk særleg viktige område. Dette er svært aktuelt i Fyresdal, når ein no har fått nye skogbruksplanar for det meste av den produktive skogen i kommunen. Mange skogeigarar har fått markert ut område der hogst ikkje er tillate, eller der ein må ta omsyn som gjer at økonomien i drifta vert dårleg. I slike tilfelle kan ein søkje om tilskot til avbøtande tiltak, eller som rein erstatning. Ordninga er svært regelbunde, kommunen sit her kun som sakshandsamar, og har liten/ingen innverknad på omfang av stønadsbeløp.

Elles for skogbruket finns dei statlege ordningane «Tilskot til tettare planting» og «Gjødsling i skog» som både er ordningar for å styrke skogen som karbon bindar. Dette er regelbunde tilskot, der kommunen sit som sakshandsamar og kontrollinstans.

Jordbruk

For jordbruket er tilskot til særskilde miljøtiltak i jordbruket den viktigaste bidragsytaren. Tilskota i potten skal gå til gardar med landbruksfagleg drift, og kommunen må då legge føringar for kva tiltak ein ynskjer å stø. I strategien har ein vald å stø opp om;

- Rydding og inngjerding av gamal kulturmark. Dette gir fleire fordelar; den enkelte får tilgang på meir/betre/nærliggjande beitemark, og gamalt, attgrodd beitelandskap blir igjen ein del av kulturlandskapet, til glede for bonden og ålmenta.
- Restaurering av verneverdige bygningar, avgrensa til å vere tiltak som «bergar» bygningen frå vidare forfall.
- Restaurering av kulturminne og ferdselsårer i kulturlandskapet.
- Miljøtekniske tiltak; omfattar ekstraordinær grøf팅, kontroll på vasstreng, samt overdekking av gjødsellager for å hindre uynskt avrenning til vassdrag m.m.

Også landbruket har regelbunde tilskotsordningar, der kommunen er sakshandsamar og kontrollinstans, med mindre rom for skjønn og eigne vurderingar i sakshandsaminga;

- Tilskot til drenering av landbruksjord. Tilskot pr. løpemeter eller pr. dekar.
- Organisert beitebruk. Meint for beitelag for betre utnytting av utmarksressursane i kommunen.

Som ein ser av strategien er det i tildelingskriteria sett opp ein *maksimal* tilskotsprosent. Då den årlege tildelinga varierer frå år til år, vil ein ut i frå dei totale overføringane til kommunen, måtte prioritere den faktiske tilskotsprosenten det enkelte år. Det viktige er at strategien seier noko om kva tiltak som skal prioriterast, så vert det opp til administrasjonen å best mogleg forvalte, og fordele potten som til ei kvar tid er tilgjengeleg.

For ordningane innan jordbruk er det sett ein søknadsfrist til 15. mai kvart år, er det midlar att etter dette, vil ein handsame søknadar fortløpande. For midlar til skogbruket tildelast midlane etter «fyrstemann til mølla» prinsippet fram til endeleg frist 15. november kvart år.

Konklusjon:

For at tilskotsordningane knytt til landbruket skal vere føreseielege for den enkelte, er det naudsynt å ha ein fleirårig strategi, som kan danne grunnlag for den enkelte si planlegging innan perioden. Slik planlegging er like viktig om det er tale om jord- eller skogbruk, og gjev søkjaren ei forventning ved finansiering av tiltak. Dei økonomiske rammene er små, og kampen

om midlane er hard. Om kommunen har ein god, fleirårig strategi, som vektlegg gode, framtidsretta tiltak, er det enklare å argumentere inn ei høgare statleg overføring til kommunen for det enkelte år. Strategien er lagt fram for relevante landbruksorganisasjonar i kommunen, og er drøfta med Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark. Ein meiner strategien gjennom sine prioriteringar gjev den enkelte brukar gode moglegheiter til å utvikle den einskilde eigedom til fordel for både eiga næring, og samfunnets overordna interesser.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Strategi for bruk av nærings- og miljømidlar i landbruket vedtakast slik dei ligg føre, og skal ligge til grunn for tildeling av landbruksretta tilskot for perioden 2025 – 2028.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Aslak Momrak-Haugan
	skogbrukssjef